

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 15.08.2019
SAKSHANDSAMAR: Arne Skjelten
SAKA GJELD: **Bierverv i Helse Førde - status**

ARKIVSAK: 2015/481
STYRESAK: **068/2019**

STYREMØTE: **26.08.2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerende direktør si orientering om bierverv i Helse Førde til vitende.

Bakgrunn for saka

Våren 2015 vart det gjennomført internrevisjon av arbeidet med bierverv i føretaka i Helse Vest i samsvar med vedtatt revisjonsplan.

Hovudkonklusjonen frå revisjonen var at Helse Vest har retningslinjer og system for praktisering av regelverk for bierverv, men at intensjonen om å ha eit system for registrering av bierverv som sikrar ei fullstendig, gjennomsiktig og lik behandling av bierverv ikkje var følgd opp. Internrevisjonen tilrådde ni 9 tiltak for oppfølging i føretaka.

Internrevisjonsrapporten og anbefalte tiltak for oppfølging i føretaka vart handsama i styret i Helse Vest RHF, sak 086/15 og i styra i føretaka i Helse Vest.

Styret i Helse Førde HF slutta seg til føreslått oppfølging av revisjon bierverv i sak 055-2015A. Føretaket har etter dette innlemma tiltaka i arbeidet sitt med bierverv.

August 2016 starta Riksrevisjonen ei undersøking av helseføretaka si handtering av bierverv, gjeldande etiske retningslinjer og retningslinjer for bierverv. Januar 2017 vart undersøkinga følgt opp med ytterligare spørsmål knytt til retningslinjene, søknadsprosessen, registra og korleis dei vert nytta samt vurdering av risiko. Førespurnaden frå Riksrevisjonen er svart på. Føretaket har ikkje motteke tilbakemelding frå Riksrevisjonen etter dette.

Oversikt bierverv i føretaket

Helse Førde HF sendte våren 2017 ut rapport til klinikkdirektørar om søkte/meldte bierverv ved alle einingar i føretaket, med spørsmål om dette gir eit rett bilde av status for bierverv ved den aktuelle eininga. I tillegg bad vi klinikkdirektørane oppmode om at dersom nokon ikkje hadde søkt om bierverv så vart det gjort, samt minna dei på å ta opp bierverv i medarbeidersamtale.

Bierverv er og lagt inn som emne i førebuing til medarbeidersamtale i kompetanseportalen. Sidan det for dei fleste ikkje er krav om gjennomføring av medarbeidersamtale oftare enn kvart andre år vil mest truleg effekten av dette ikkje kome til syne før etter ei stund.

Hausten 2018 satte styret i Helse Førde bierverv som tema på dagsorden, og bad administrasjonen sikre at det vart gjort nok for å få registrert rett tal bierverv i systemet. Blant tiltaka som vart foreslått var:

- Utarbeide eit eige informasjonsskriv – 1 side – som beskriv kva bierverv kan vere, eksempel på bierverv og kva som bør registrerast
- Informasjon i MIN GAT (der lønnslippene ligg) om registrering av bierverv.
- Tema på leiarsamling i Helse Førde.
- Inn som tema på Helse Førde sitt leiarutviklingsprogram.
- HR Rådgivarar deltar med informasjon på klinikkråd, Avdelingssjefsmøtar og enkelte Avdelingsmøtar.
- Ny artikkel på intranett.
- Mail til alle leiarar i Helse Førde om viktighet av registrering av bierverv.

Etter iverksetting av fleire av tiltaka over, samt utsending av rapportar i fjor, med påfølgande påminning frå leiarane, har talet på medarbeidarar som har meldt bierverv auka.

Frå uttak rapport/sak i styret 2018 til ny rapport august 2019 har det kome til følgjande nye søknader om bierverv i kvar klinikk:

- Kirurgisk klinikk - 15 nye søknader om bierverv frå 11 tilsette
- Medisinsk klinikk - 4 nye søknader om bierverv frå 4 tilsette
- Psykisk helsevern - 8 nye søknader om bierverv frå 6 tilsette
- Stabsomåde – 7 nye søknader om bierverv frå 6 tilsette

I same periode har nokre få bierverv gått ut (godkjenningsperioden er passert – søknadsperioden er ikkje utvida).

Per i dag er det samla meldt 104 bierverv, mot 73 ved sist teljing. Det gir ein auke på 42%. Det er 78 medarbeidarar som har registrert bierverv mot 62 medarbeidarar ved sist teljing.

Det er ikkje gjort endringar i retningsliner eller praksis for handtering av bierverv.

Meldingar frå arbeidstakar i meldings- og sakshandsamingssystemet gjev ikkje eit godt nok grunnlag for kategorisering av bierverva i alle høve. Under følgjer oversikt over dei ulike grupperingane (aktive) søknader om bierverv(34 stk) perioden august 2018 til og med juli 2019 er sortert/registrert i.

Andre føretak i Helse Vest	1
Andre offentlege helseføretak	1
Anna	16
Ikkje helseretta verksemd	7
Offentleg/ privat ikkje helseretta verksemd	0
Primærhelseteneste	3
Privat ideell helseretta verksemd	2
Privat kommersiell helseretta verksemd	3
Privat legekantor m/allmennpraksis	0
Universitet/ høgskule	1
Verksemd med driftstilskot frå Helse Vest	0

I desse tala ligg også søknad for perioden som enno ikkje er godkjent/behandla.

Følgjande artikkel frå Firda summerer godt opp kor viktig der er å registrere bierverv korrekt for medarbeidarar i Helse Førde:

LEIAR

Stadig fleire tilsette i **Helse Førde** har ei attåtning, syner ei oversikt som er lagt fram for styret i helseføretaket. Det handlar om sjukehuslegar og pleiarar som driv privatklinikkar på si, men oversikta handlar også om alle dei som har eit eller anna verv innan politikk eller andre felt. Når helseføretaket tok initiativ til å få lagd ei oversikt, er det sjølvstøtt ikkje for å stanse slike private praksisar eller hindre folk i å ta på seg verv utanom jobben. Målet var og er å skaffe seg oversikt over kven som driv med kva. Det er nemleg viktig viss ein vil unngå å hamne i situasjonar der folk kan kome til å sitje på begge sider av bordet.

I utgangspunktet er det uproblematisk at sjukehusstilsette har politiske verv. Det bør heller ikkje vere problematisk at dei nyttar fagkompetansen sin i bierverv som ikkje er i konkurranse med helseføretakets interesser eller går ut over verksemda det offentlege helsestellet skal ta seg av. Men det er viktig å ha orden på hattehylla, slik at helseføretaket som arbeidsgjevar har oversikt over kva dei tilsette har som attåtning og omfanget av denne.

For det er ikkje vanskeleg å sjå føre seg at omfattande privat næringsverksemd på si kan føre til interessekonfliktar og uheldige dobbeltroller, både administrativt, fagleg og økonomisk. Den beste måten å unngå dette på, er at



Vis avisside

Oppsummering

Rapportar viser auke i tal registrerte bierverv i 2019 samanlikna med 2018. Det blir i klinikkane sine leiargrupper informert om retningsliner for bierverv. HR vil halde fram rutinen med å sende årleg rapport med oversikt over bierverv i klinikk til nivå 2 leiars, samt arbeide med å få korrekt registrering av bierverv. Retningslinene knytt til bierverv vert vidareført. Det er ikkje kome tilbagemeldingar til Helse Førde frå riksrevisjonen i samband med kontrollen av helseføretaka si handtering av bierverv (januar 2017).